

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Dato	21.06.2022
Vår referanse	2022/43286-19
Dykkar referanse	21/2267-8
Sakshandsamar	Øystein Hunvik
E-post	Oystein.Hunvik@vlfk.no
Telefon	47700466

Svar: Høring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge og Nord-Norge fra 1. april 2024

Vi viser til brev datert 17. mars 2022 der Vestland fylkeskommune vert invitert til å levere høyring på den planlagde konkurransen på regionale ruteflygingar.

Fylkesutvalet i Vestland har i møte 17. juni 22 vedteke denne høyringsuttalen

1. Gjennom FOT-rutene må staten tilby eit føreseieleg og godt rutetilbod som er tilpassa næringslivet og innbyggjarane sine behov for å utvikle seg vidare.
2. FOT-rutene er avgjerande for å kunne drive helsetenester på ein effektiv og samfunnsteneleg måte.
3. Stord Lufthamn må likestillast med dei andre regionale lufthamnene i Vestland, med Osloruta til/frå Stord som ein del av FOT rutene.
4. Rutene mellom Florø-Oslo, Florø-Bergen og Førde-Bergen må inn igjen i FOT- systemet på permanent basis. Frå Førde til Bergen går det per i dag ikkje flyruter. Det er svært uheldig, all den tid Bergen er regionhovustad i det samanslegne Vestland fylke, og viktig for både næringsliv og det offentlege som til dømes Helse Førde si samhandling i Helse Vest.
5. Det er høge forventingar om at prisane vert redusert vesentleg og at tal avgangar på kortbanenettet vert auka, i tråd med målsettingane i Hurdalsplattforma.
6. Rutetabellane må tilpassast slik at det er mogeleg for folk og næringsliv å reise frå Oslo/Bergen til distrikta, og omvent, for å avhalde dagsmøter.
7. For å betre regulariteten må det vere krav om satelittbasert innflyging.
8. For å auke regulariteten på rutetilbodet i Vestland, er det ønskje om at fleire flyplassar i Vestland får nattstasjonering.
9. Kortbanenettet i Vestland må bli pilotarena for utvikling og drift av elektriske fly i den komande anbudsperioden 2024-2028. Statleg pilot som premiss.
10. Vestland fylkeskommune må få nok tid til å gjennomføre høyring på den faglege utgreiinga som etter planen skal vere.

Vedlagt saksprotokoll (vedlegg 1), saksutgreiing (vedlegg 2) og innspel frå kommunar med fleire (vedlegg 3 – 17).

Med helsing

Øystein Hunvik

seniorrådgjevar

MOK - Strategi og eigarstyring

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll FUV 17.06.2022
- 2 Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1. april 2024
- 3 Jnr. 1052.22 Høyring -Ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1. april 2024.pdf
- 4 22.05.19 - Flyplassen - Vestland Fylkeskommune
- 5 Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 01.04.2024, innspel til Vestland fylkeskommune.pdf
- 6 Høyring – Ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1.april 2024 (524709).pdf
- 7 Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1. april 2024.pdf
- 8 Høyringsuttale frå Førde nærings- og industriforeining (524706).pdf
- 9 Høyringsuttale frå Norec (524707).pdf
- 10 Høyringsuttale frå Lotteri- og stiftelsestilsynet (524708).pdf
- 11 Høyringsuttale frå Helse Førde (524710).pdf
- 12 Høyringsuttale frå Høgskulen på Vestlandet (524711).pdf
- 13 Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1. april 2024.pdf
- 14 Høyring mai 2022 Fjaler.docx
- 15 Høyringsuttale regionale flyruter 19 mai 2022.docx
- 16 Høyring Gloppen kommune - ny konkurranse regionale ruteflygingar
- 17 Høyringsuttale frå Gloppen Næringsorganisasjon.pdf